

# Møtereferat

**Møte:** Tlf møte AU Nord-Norge  
**Tid/Sted:** Onsdag 27.01.16 kl 12.30 - kl 14.30  
**Tilstede:** Pål Ove Wika, Ragnhild Engan, Svein Slåttsveen, Morten Fredriksen, Merethe Sund, Endre Østbø og Svein Inge Jakobsen.  
**Forfall:** Bernt Mikalsen og Teig Madsen  
**Kopi til:** Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg  
**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 27. januar 2016

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<b>Orientering frå styremøte 20.01</b> Teig hadde forfall til møtet. Vart vist til utsendt Tillitsvalgtnytt.	
2	<b>Orientering frå regionen</b> Svein Inge orienterte om resultat 2015 i Råvare og Medlem region Nord: 600 besøk, 122 fagmøter, 38 nye medlemmar, markedsandel 86,2 % på storfe, gris 91 % og småfe 82,5 %. Nye handlingsplanar 2016: Fokus på registrering i CRM (kundebehandlingssystem), ta oss av nye medlemmar, følge opp dei vi har. 150 nye medlemmar siste 2 åra. Vidare samkøyring livdyr- og slaktetransport. Oppføring av kalv frå Finnmark, ca 300 kalv slakta, mål under 200 i 2016. Lokal mat – skape stioltheit. Auke ammekuplassar med 300, og auka samhandling tillitsvalde og administrasjon.  Sør-Helgeland: Klage klassifisering, særleg storfe frå HSS. Animalia har kalibrert + kalibrering mot Malvik. I tillegg montere kamera for lettare klagebehandling, samt invitere til slakteridag på Bjerka med Animalia.  Rekneskap fabrikk: Forbetring på 21,2 mill i fht 2014, inkl tilleggsytingar og transport. Redusert kostnader med 11,2 mill. Handlingsplan 2016 – 2018: Ytterlegare 30 mill. Omstilling Målselv: Redusert med 33 stillingar, ute i løpet av 2016.  Vore på møte med Finnmark Rein saman med Arne Kristian Kolberg. Vi bryt konkurranselova dersom vi nektar å leigeslakte for andre. Går ut med informasjon om eigartilhøva for anlegget.  <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• Er det påvist skilnader i klassifisering?</li><li>• Svar: Animalia seier at Bjerka er innanfor normen, men mogeleg det har skjedd feil på enkelt dyr.</li><li>• På Malvik vert Midt-Norge slakteri sine dyr klassifisert av same klassifisør som Nortura.</li><li>• Fagutval småfe: Lageroppbygging særleg på lår. Finst det lager på lår i Nord, og er det evt planer for auka sal, t.d. biff?</li><li>• Svar: Noko på lager i Nord, til fenalår til hausten og lår til påske. Villsau på Helgeland: Sal til Rema til hausten, viktig å utnytte heile lammet.</li><li>• I ny prognose nedgang i salet og produksjon på 1 %. Mykje tilseier at prognosa kan sprekke. Burde gjerast meir for auka sal.</li><li>• Svar: Jobbast med kjedene, m.a. på regional lam i Vest.</li><li>• Kjedene har korta ned på sesongen sin for lam.</li></ul>	

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

3 **Innspel til sentral valkomité**

Be Bernt sende mail til AU dersom han har informasjon som tilseier at AU bør kome med innspel.

---

4 **Førebuing kretsmøter**

Lokale saker/spørsmål: Kva må vi førebu oss på?

Brit Kari  
og Svein  
Inge

Innspel:

- Sentralisering kylling – er det ein trend, kan det overførast til andre dyreslag, finnast det andre reguleringsmekanismer?
- Helgeland: Leveringsvilkår, etterbetaling, livdyr, klassifisering
- Overproduksjon på sau/lam, for lite sal, kva gjerast?
- Eige selskap for lokal mat, kvifor? Er det berre ein trend i tida?
- Livdyrhandel Helgeland fortsatt misnøye
- Kjeslakt i Thulefjord og vidareforedling. Arktisk kje.
- Produsent i Kjøllefjord under etablering med kje og villsau.
- Gåver på kretsmøta: FK har trekning av gåvekort, og traktor
- Kraftfôrkrevjande produksjonar i distrikta, jf sak 6 Eventuelt.

---

5 **Møteplan 2016**

Forslag vart gjennomgått. Møtet i august vert 16. – 17. august. Brit Kari jobbar med moglegheit for tlf møte etter Konsernrådsmøtet 17. februar.

Brit Kari

**Vedtak: AU vedtek møteplan for 2016.**

---

6 **Eventuelt**

Innspel til jordbruksforhandlingane – sentralisering? Viktig å få fram underliggende årsak med konsesjonsauke på kylling.

- Kvalt enkelt fagutval har gjeve sine innspel, t.d. på gris med å oppretthalde distriktsjordbruket.
- Fagutval storfe: Fleire einig i tanken frå Modum Bondelag der vi ikkje skal ha kraftfôrkrevjande produksjonar i distrikta, dvs utkantane skal berre produsere kalv. Vere førebudd på diskusjon i organisasjonane og miljøet.

Runde frå fagutvala:

- Gris: Målpris anbefalt ingen auke, føreset ingen kostnadsauke. Tiltak for å redusere kreftfôrprisen, fraktilskot kraftfôr, inga endring i konsesjonsgrenser, MRSA – erstatningsordningar
- Storfe: Kontrollprogram for BRSV og Korona-virus, samarbeid TINE og Animalia, kostnad 22 mill, inntekspotensiale for næringa på 200 mill. Ammekustrategi: 3 500 ammekuplassar i 2016. Innspel til landbruksmelding, inntransport/fraktilskot. Innspel til jordbruksforhandlingane: Landbruk over heile landet, ikkje endre struktur. Ikkje auka kvalitetstilskot, heller tilskot pr dyr for å auke antal mordyr. Beitetilskot.
- Småfe: Ikkje auka pris pga balanse/overskot. Beitetilskot, kulturlandskap i klima- og førperspektiv. Kraftfôrføring av lam: større fokus på beite. Teljedato 15. mars og 15. oktober: Oktober håplaust pga sanking og rovdyrta, betre med 1.juli for dyr på beite. Bevare innfraktilskot på dyr og korn.
- Egg: Møte i desember. Spm om lukka næring diskutert. Innspel til jordbruksforhandlingane: Endra avskrivingsattsar til lineær for reell verdi av høna, vidare prisnedskrivning av kraftfôr. Middproblem. Omsetningsavgift.